

Elevar som oppheld seg i utlandet

Utdanningsdirektoratet har svart Fylkesmannen i Rogaland om barn som oppheld seg i utlandet.

TOLKNINGSUTTALELSE 21.09.2009

Gjelder

- Opplæringslova - § 1-2. Verkeområdet for lova
- Opplæringslova - § 2-1. Rett og plikt til grunnskoleopplæring
- Opplæringslova - § 2-11. Permisjon frå den pliktige opplæringa
- Opplæringslova - § 2-13. Bruk av lova for privat opplæring i heimen

Direktoratet viser til elektronisk post frå Fylkesmannen i Rogaland motteken 9.9.2009 kor fylkesmannen har spørsmål til ansvaret for utdanninga til barn som oppheld seg i utlandet og som ikkje er melde som utvandra etter lov om folkeregister § 8.

Spørsmåla gjeld barn som oppheld seg i utlandet utover dei to vekene kommunen har heimel til å gi permisjon frå den pliktige opplæringa etter opplæringslova § 2-11.

Det følger av forarbeida til gjeldande § 1-2 i opplæringslova, jf. Ot.prp. nr. 46. (1997-98) at det geografiske virkeområdet for lova ikkje er lovfest og at det da følger av allmenne rettsprinsipp at lova gjeld i riket, men ikkje for Svalbard, jf. § 2 i svalbardlova. Dette inneber at lova og retten til grunnopplæring gjeld for barn i skolepliktig alder som oppheld seg innafor rikets geografiske grenser.

Fylkesmannen spør vidare om foreldra kan drive heimeundervisning mens dei oppheld seg i utlandet. Som nemnt over gjeld rettane og pliktane etter opplæringslova berre for dei som oppheld seg i riket. Dette betyr at foreldre kan velje å gje barna sine undervisning heime medan dei oppheld seg i utlandet, men undervisinga vil ikkje vere omfatta av opplæringslova med dertil gjeldande forskrifter.

Fylkesmannen spør også om elevane som oppheld seg i utlandet skal skrivast ut frå skolen og inn igjen når dei kjem tilbake. Dette spørsmålet er ikkje regulert ved lov eller forskrift og skolen må i utgangspunktet gjere det dei meiner er mest praktisk i dei særskilte tilfella dei står overfor. Utdanningsdirektoratet vil på generelt grunnlag uttrykke at utskrivning når eleven reiser og innskriving når eleven kjem tilbake kan bidra til å gi ryddige ansvarsforhold.

Vår referanse: 2009/2988

Oppgrader til en [støttet nettleser](#) for å få en reCAPTCHA-utfordring.

[Hvorfor skjer dette?](#)